

Tømekalender

Restavfall: 09.03

Matavfall: 09.03, 23.03

Papir, glass/metall, plast: 23.03

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad
www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Bykle kyrkje **sundag 6.mars** kl 16.00 Gudsteneste og kyrkjelydens årsmøte

Fjellgardane kyrkje **sundag 20.mars** kl 11.00 Gudsteneste

Velkomen til kveldsbøn-samling med diakon Per Emanuelsen;

kl.1800 **onsdag 9.mars** Bykle kyrkje
onsdag 13.april Fjellgardane kyrkje
onsdag 4.mai Bykle kyrkje
onsdag 1.juni Fjellgardane kyrkje

Rom for tekst- ro for tone

Skafsåheii Fjellkyrkje Fredag 1. april kl. 1900

Robertas Lamsodis presenterer romantisk musikk på piano. Aasmund Nordstoga vil gje oss smakebitar frå litteraturen. Bare levande lys, og ingen applaus under framføringa. Kaffi og sjokolade vert servert før arrangementet.

Denne kvelden må du få med deg!

Billetter: Vaksne kr. 150,- Born kr. 100,-
Vipps 510358

Arr: Fjellkyrkjelaget og Tokke kommune



Familiebading i Bykle

Torsdagar
16.30-17.45 Barn i følge med vaksne
18.00-19.00 Vaksne

Bykle IL stiller med badevakt



Telltur er friluftsrådas elektroniske postkassetrim. Her kan du finne turmål og registrere resultatene dine. Konkurrer med deg sjølv eller med andre turgåarar om å nå fleire mål. Bruk kartet for å sjå kva turmål som finnast, eller gå til ditt nærmaste friluftsråd og les om kva konkurransar du kan delta i. Telltur finner du i appen "Norgeskart friluftsliv".

Årsmøte

Folkeakademiet i Bykle



Folkeakademiet i Bykle har årsmøte på Hovdestøylen
tysdag 8. mars kl. 18.

Saker til årsmøtet må vere styreleiar Randi Steinholt i hende seinast 1. mars.

Matsservering. Påmelding til Randi tlf. 905 76 488.

Årsmøte Hovden Sportsklubb



Hovden sportsklubb avholder årsmøte
16 mars kl 19 i kinosalen på
Hovden grendehus.

Innkalling med sakliste sendes medlemmer på epost.

Velkommen, Styret

Årsmøte i Bykle idrettslag



Årsmøte på Samfunnshuset onsdag
30.03.2022 kl 18.00

Servering og diverse premieutdeling etter årsmøtet

 **FAGFORBUNDET**
Bykle / Valle

Årsmøte for 2021

Avholdes på Bykle Hotell tirsdag 15.mars 2022 kl.18.00

Årsmøtesaker etter Fagforbundets vedtekter.

Saker som ønskes behandlet av årsmøtet må være styret v/
Marianne Hagen i hende innen torsdag 10.mars 2022
Mail: marianne.hagen@istorm.no

Påmelding innen 10.03 til Marianne Hagen på tlf.91189077
Matsservering kl.19.30

Hilsen Styre i Fagforbundet Bykle og Valle

Årsmøte i Bykle og Hovden teaterlag



Tid og stad: Hovden grendehus
onsdag 16. mars klokka 19.00

Vanlege årsmøtesaker

Velkommen! Helsing styret



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Mars 2022 33. ÅRGANG | OPPLAG 545

KULTURPRISEN BYKLE KOMMUNE 2022

KVEN MARKERER SEG INNAN
KULTURARBEIDET I KOMMUNEN?
NÅ BER BYKLE KOMMUNE OM
DIN KANDIDAT.

FRIST 15. MARS

SKRIV KVIFOR DU YNSKER Å NOMINERE DIN KANDIDAT
OG SEND TIL POSTMOTTAK@BYKLE.KOMMUNE.NO



HOVDENTOUR

19. mars

hovdentour.no



Boksirkel

Vi møtast måndag 7. mars kl. 19 på biblioteket på
Hovden grendehus. Vi les boka Over horisonten av Jojo
Moyes.

Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med

Velkommen!

Kulturkafé

Kulturkafeen i mars – Sykler til Cuba.

Datoen for kulturkafeen i mars er noko usikker, men planen er
onsdag 23. mars kl. 18.00 i Bykle samfunnshus. Sjef for «Sykler
til Cuba», Jan Olsen frå Jordalsbø i Bygland, vil svært gjerne
kome til Bykle for å fortelje om arbeidet sitt med å samle inn
syklar, leiker og mangt anna bl.a. her i Setesdal. Dette arbeidet
kjenner byklarane godt til og har delteke i i mange år.

Jan Olsen vil gje oss mange glimt og
forteljingar knytt til sjølve utdelinga av
syklane på Cuba, og sikkert også kva
som er hans eigne motiv og tankar
bak arbeidet han har halde på med i
godt over 20 år.



Ein treng ikkje andre innslag når Jan
Olsen kjem på besøk. Han er ein formidlar av rang som
gjennom ord og bilete held tilhøraren fanga når han tek oss
med på besøk til den fattigaste delen av befolkninga på Cuba.

Sjekk kommunen si facebookside og annonse i Setesdølen
etter kvart om sikkert tidspunkt og matsall!

LØRDAG 12. MARS
4. - 12. TRINN

UK4 **FESTIVAL**

80'S
TEMA
HOVDEN GRENDEHUS

SUPER SMASH BROS
TURNING-CHALLENGES-DEILIG MAT +++

PÅMELDING: UKM.NO/BYKLE



Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no
Frist for aprilutgåva er 20.mars

www.bykle.kommune.no

Politiske møter i mars

Formannskapsmøte 8.3
Ungdomsrådsmøte 9.3
Levekårsutvalsmøte 16.3
Planutvalsmøte 21.3
Kommunestyremøte 31.3

Saksdokument vert lagt ut under «INNSYN» på heimesida ei veke før møta

Sommarjobb for skuleelevar / studentar

Sommarjobb for skuleelevar / studentar med fast bustads-adresse i Bykle kommune.

Aktuelle søkjarar blir tekne inn etter særskilde vilkår. Skuleelevar kan søkje frå dei er ferdige med 10. trinn. Ordninga gjeld for elevar/studentar som har gjenge på skule /studert på heiltid seist skuleår.

Bykle kommune treng sommarvikarar innan desse områda

- Teknisk drift og eigedom Bykle og Hovden

(grøntanlegg, vedlikehaldsoppgåver inne / ute, reinhald).

- SFO Bykle og Hovden (helst med sertifikat).
- Barnehage, Bykle og Hovden

For å arbeide i barnehage og SFO er det er krav om godkjend politiattest.

Søkjarar til barnehage og SFO bør vere over 18 år, men dette er ikkje eit absolutt krav.

Søkjarane må skrive i søknaden kva for skule/studiestad dei har gått på siste halvår og spesifisere når tid dei ønskjer å arbeide og prioritert arbeidsområde.

Det er ønskeleg at arbeidsperioden er samanhengande.

Løn etter tariff.

Nærare opplysningar kan du få ved å vende deg til seniorrådgjevar Liv Hilde Holm, tlf. 906 10 215.

For å søkje må du gå inn på
www.bykle.kommune.no/ledige-stillingar
Søknadsfrist 25. mars



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no



Kulturmidlar

Alle lag og organisasjonar som driv med kulturaktivitetar i Bykle kommune, kan søkje om kulturmidlar.

Søknadsfrist er 1. april.

Retningslinjer og søknadsskjema or kulturmidlar finn du på Bykle.kommune.no/kulturmidlar.

Eit tips er å sjå gjennom søknadsskjemaet i god tid før søknadsfristen for å bli klar over kva opplysningar om drift og rekneskap søknaden krev.

LIM-midlar (Likestilling, inkludering og mangfald)

Lag og organisasjonar som har eller planlegg aktivitetar og/eller arrangement som vil ha positiv verknad for likestilling, inkludering og mangfald i kommunen, kan søkje om midlar til dette.

Frist 1. april.

UNESCO FOREDRAG

Verdensarv som verdiskapar

22. mars, kl. 16-21, Rysstad

Eit foredrag om den UNESCO - lista industriarven i Telemark, ved

Halvor Sælebakke, leiar av verdensarvsenteret på NIA (Notodden Industriarv) og formidlingsansvarleg for verdensarv. Han vil snakke om opplegg/erfaring av formidling på NIA, med vektlegging av formidling til born og unge bl.a gjennom ordninga Den Kulturelle Skulesekken.

Kjell Christenson er verdensarvkoordinator i Vinje. Han fortel om kva oppdemming av vatnet fekk for følgjer for gardane rundt Møsvatn, og kvifor denne historia er viktig å formidle som ein del av heilheita.

Øystein Haugan fortel om lokal forankring, «vern gjennom bruk» og ulike finansieringsordningar for verdensarvprosjektet Industriarven Rjukan-Notodden.

Hans Olav Stegarud, ny verdensarvkoordinator på Rjukan, utfyller med kunnskap/erfaring frå sine tidlegare jobbar hjå Hardanger fartøyvernssenter, sysselmann på Svalbard som kulturvernforvaltar, samt som avdelingsdirektør ved Fetsund lense.

Program for dagen

16.00—Frammøte Soknehuset, Rysstad
16.15—Buss frå Soknehuset til Sylvartun
16.30—Omvisning på Sylvartun v/ Gunnar Stubseid
17.15—Buss til Soknehuset
17.30—Servering av mat på Soknehuset
18.00—Foredrag frå Notodden, Rjukan og Vinje
20.00—Spørsmål, diskusjon og moglegheit for innlegg
21.00—Avslutning

Påmelding innan 7. mars på mail til annbjorg.lien@agderfk.no



SETESDALSFOLK
Folk music and -dance in Setesdal, Norway, at UNESCO's
Representative List of ICH.



Bygdekinoen

www.bygdekinoen.no

Hovden grendehus:

Tysdag 15.03

Kl. 17.30 - Frøyas eventyr

Kl. 19.30 - Full dekning

Tysdag 29.03

Kl. 19.30—Kampen om Narvik

Bykle samfunnshus:

Laurdag 12.03

Kl. 17.30 - Syng 2

Kl. 19.30 - Margrete den første



Ordinære opningstider kulturhus og bibliotek :

Melding frå kultur og fritid:

Vi har endringar i stillingar og blir nøydd til å justere opningstidene.

Vi ber publikum om forståing og set pris på tilbakemelding medan vi er i ei endringsprosess.

Faste brukarar vert kontakta for tilgang og vidare bruk.

Hovden grendehus og bibliotek: (Obs endra opningstider frå veke 9)

Måndag: 8-22

Tysdag: 8-22

Onsdag: 8-16

Torsdag 8-14 sjølvbetjent bibliotek. 14-21 betjent resepsjon

Fredag: 8-16

Bykle samfunnshus og bibliotek:

Måndag 10-17

Onsdag 14-17

Torsdag 10-17

Meiropent bibliotek alle dagar 7-23.

Kontaktinfo: grendehuset@bykle.kommune.no /
tel. 902 16 856

Kontaktinfo: samfunnshuset@bykle.kommune.no /
tel. 476 85 262

Kontaktinfo Biblioteket:

bibliotek@bykle.kommune.no eller
på Facebook: Bykle folkebibliotek